



Haugland skulemuseum – eit av argumenta for Hauglandsvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

44 innbyggjarar på Haugland har no skreve under ei klage til kommunen på det føreslegne vegnamnet Muslandsvegen

- Det vert både historisk og geografisk feil for oss å bu i Muslandsvegen, skriv dei i klaga som blir eit viktig dokument i namnesaka.

Hauglandsvegen er alternativet og dei som skriv under argumenterer slik:

”Frå krysset på Haugland til grensa mot Musland er det om lag 2,5 kilometer. På Haugland er det 15-16 bruksnummer, 20 husstader og nokre fritidsbustader. Her ligg Haugland Skulemuseum og ”Gravhaugane på Haugland”.

På Nedre Feet er det i dag skilta til Musland. Det bur fleire folk på Haugland enn på Musland, samt at vi har to kulturminne på Haugland. Difor meiner vi det er naturleg med skilt til Haugland frå riksveg 48 Uskedalsvegen.

Vi reagerer på at den kommunale stadnamnemnda vil kalla vegen gjennom Haugland for Muslandsvegen. For oss lokalt er det klar grense mellom Haugland og Musland og vi ynskjer ikkje å blanda desse namna.

Det vert både geografisk og historisk feil for oss å bu i Muslandsvegen. Vi meiner at det rette namnet på vegen frå Hauglandskrysset til grense mot Musland er Hauglandsvegen”.

Den gamle Haugland skulekrins rokk heilt frå bruene ved Haugland og fram til Smuttaledet, som ligg ein god bit ovanfor Haugland gamle skule. Først der starta Musland-krinsen.

Det er den kommunale nemnda som etter å ha innhenta forslag til vegnamn frå organisasjonar har kome med forslag om vegnamn.

Fram til 10. april har det vore høve til å koma med kommentarar eller innspel til namneforslaga.

Saka kjem til slutt til avgjerd i forvaltningskomiteen.

Som eit lite kuriosum: 23 av dei 44 som har skreve under brevet til kommunen har Haugland til etternamn.

Av Ola Matti Mathisen



Hauglandfolk som reagerer på Muslandsvegen: Arne Terje, Edith, Trygve og Arne Johannes –alle med etternamnet Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)